



Telepost 5/2009 Oslo 05.11.2009

Gode Telelagsvener!

November seier kalenderen, og det tyder mellom anna at årsmøtet i Telelaget nærmar seg med stormsteg (26.nov). Valnemnda med Gunhild Tjønnåsdalen og Gunnar Johnsen er i full sving. Har du lyst til å delta i styrearbeid, nemnder eller har gode idear til drift av laget, kan du ta kontakt med dei på neste øving. Saker til årsmøtet må meldast til styret så snart som mogeleg og innan 12.11.09.

Me har ikkje hatt så stor oppslutnad på nybyrjarkurset nå i haust. Det er enda tre kurskveldar att, så dersom du kjenner nokon som har lyst til å prøve seg på Teledans så send dei til Blåsalen i Nordahl Brunsgate 22 klokka 19.00.

Sist torsdag hadde me besøk av Kongsberg Spel og Danselag. Dei stilte med 6 speledamer/menn som sørgja for å få stemninga i taket. I helga var det Haustkappleik i Nordahl Brunsgate. Anders Buen var stemnegeneral saman med Tone Eidsvoll. Mange Telelagsmedlemar hjelpte til med arrangementet. Me deltok på lagdansen, men det kan me gjera betre neste gong (nr. 5 av 5). Me sjåast på øving!

Helsing *Live*

Kva skjer frametter i haust?

7.november	Bøkappleiken
20.-22.nov	Kurs, konsert, jubileumsfest i BUL
26.november	Årsmøte i Telelaget
03.desember	Juleavslutning i Telelaget. Sjå program her i Teleposten

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I TELELAGET I OSLO.

Det vert med dette kalla inn til
 Årsmøte i Telelaget i Oslo
 torsdag 26. november 2009 klokka 20.00
 i Blåsalen i Nordahl Brunsgate 22.
 Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet må vera
 styret i hende seinast onsdag 11. november 2009.

Foreløpig sakliste:

- 1) Val av møteiar og skrivar
- 2) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 3) Årsmelding 2009
- 4) Rekneskap 2009
- 5) Arbeidsplan 2010
- 6) Budsjett 2010
- 7) Val

Joleavslutning i Telelaget

Tid: Torsdag 3/12-09 kl:20

Stad: Halli, Nordahl Brungst. 22

Program:

“Hun blev i elfven” -Kvinner i slåttespel og -soge



Konsert med Ingebjørg Harman Bratland og
Sara Telnes Fjågesund.

Dansespel: Sara Telnes Fjågesund

Kaffe og Kaker
Pris: 100 kr.